

Viser til sak med arkivnummer 18/133 angåande *Disponering av tomt gbnr 137/344 Alver – uteareal til Nordhordland kristne grunnskule*. Viser også til arkivsak 16/2472 *Plansak Detaljregulering Stølsmarka – PlanID 1263-201607* der forslag til reguleringsplan og tilhøyrande merknader frå naboar og Statens Vegvesen er å finna. Me reknar med at dokumenta her er nøye gjennomgått av dykk for å vurdere eit salg av tomta gbnr 137/344, Stølsmarka 1, i Alvermarka. Me ber dykk også vere merksame på at merknadane først var å finne under saksnummer 16/987 *Plansak Områderegulering – PlanID XX*, men no ligg under dokumentnummer 17/8316 i saksnummer 16/2472. Det har ikkje vore lett for oss naboar å følgje med på saka.

Det var med glede me kunne lese i Strilen 23. januar 2018 at administrasjonen i kommunen ikkje ville selge tilleggsareal til Nordhordland Bibelsenter som driv Nordhordland Kristne Grunnskole (tidlegare *Foreningen Levende Ord Grunnskole Lindås*), forkorta til NKG. Det var vidare med sjokk og vantru at me kunne lese i Stilen 30. januar 2018 at politikarane i form av Formannskapet vel å gå imot sin eigen administrasjon, og likevel gå inn for at bibelsenteret får kjøpe tilleggsarealet dei treng for å utvide skuledrifta.

Utan å ha høyrd argumenta for å selge tomta, eller bakgrunnen for at det er greit med ein såpass stor skule midt i eit bustadfelt, ber me dykk herved om å løfte blikket og sjå på konsekvensane av det eit salg av denne tomta påfører bebruarar i Alvermarka Nord, samt skuleborn frå Alvermarka og Ikenberget ved Alversund skule:

- Sjå først for dykk at 196 elevar skal leverast og hentast utanfor døra til mange bustader som grenser direkte til skulen, vidare skal dei også ut og inn i friminutta på ulike oppholdsareal som alle grenser direkte til endå fleire bustader. Per 2015 var det 117 elevar og over 50 tilsette ved skulen. Tilsette ved menigheita som også har tilhold på staden kjem utanom. Alversund Montesorribarnehage (AMB) har 54 born som skal hentast og leverast, samt nesten 20 tilsette. Ved ei utviding av skuledrifta vil også antallet tilsette auke, slik at det vil vere meir enn 350 store og små som skal til og frå, og ut og inn av bygningane i løpet av ein dag. Meir enn 350 mennesker! Med all den trafikken og støyen det medfører! Det er meir enn nok med dagens vel 250 mennesker som ferdast på dette vesle området.
- Planforslaget viser ein stor rundkjøring for enkel avvikling av henting og levering av borna til NKG og AMB. Me ber dykk hugse på at over dagens skule- og parkeringsplass går det ein communal gongsti/veg som vert benytta av skuleborn frå Ikenberget og Alvermarka som skal til Alversund skule.
- Det er ynskje om å stengje av vegen inn til Stølsmarka for å få fritt leide mellom skulebygg og nytt uteområde. Hallo? Dette er igjen eit bustadområde, og vegen vert nytta av mange opptil fleire gongar dagleg for henting og levering til Alversund Skule og tilhøyrande aktivitetar om ettermiddag og kveld. Endå fleire mennenesker vert berørde av ei utviding av skulen. Skal alle i Stølsmarka kjøyre ein omveg og attpåtil stå i kø i eit anna underdimensjonert kryss?
- Det vil verte ein nokså stor bygningsmasse på området. Det er planlagd eit bygg på tre etasjer, som er større i grunnflate enn dagens skulebyggning. Parkeringshus med gymsal på toppen! Hallo igjen? Det som ikkje er nemd i like stor grad, er at for å utvide antall elevar er det ikkje nok med berre parkeringsanlegg og gymsal. Det må også fleire klasserom til. Det er difor teikna eit stort påbygg til eksisterande skulebygg (dette vart det også søkt om i 2015, men Nordhordland Bibelsenter svarte ikkje på kommunens trøng for tilleggsinformasjon). Dersom ein går inn i saka ifrå 2015, saksnummer den gong var 15/3679 og 15/35501, ser ein

alle ulempene for naboar og Alversund Montesorri barneghage (AMB) som er påpeika ved denne bygningen.

- Det er vidare teikna inn ein bygning på AMB sitt uteareal uteareal. Nordhordland bibelsenter eig denne tomta også, men AMB har festeavtale. Det ser ut som om bibelsenteret har planer for dette området også.
- Stølsmarka er allereie som ei rundkjøring for levering born til skulen. Mange bruker denne vegen i staden for krysset i Alvermarka nord. Dette er andre born sin skuleveg også. Mange skuleborn som går frå Ikenberget og Alvermarka skal til Alversund skule. Denne vegen er utan fortau og har nok trafikk på allereie.
- Det er meir enn 50 min friminutt som gir støy for naboer. Både før og etter skulen er det mykje støy og trafikk.
- Det er mange som lurer på om det ikkje kommer eldreboligar der, som lova for lang tid tilbake.
- Det vert ikkje innanfor anbefalt areal uansett. Det er ikkje nok eigna areal til å skvise inn ein så stor skule i dette bustadfeltet.
- Habilitet i formannskapet? Styremedlemmer til NKG?

Det er grenser for kor mykje naboane kan verte utsatt for samla sett. Me forstår ikkje kva som får formannskapet til å gå imot sin eigen administrasjon. Dette vert berre trist.

Helsing mange frustrerte naboar!